



FAU Sæbø skule v/Solveig B. Elvik

Referansar:

Dykkar:

Vår: 19/1323 - 19/10518

Saksbehandlar:

Dato:

26.06.2019

Kantinedrift Sæbø skule - svar til FAU

Vedk brev om kantinedrift.

Formannskapet takkar for motteke brev. Brevet er lagt fram for formannskapet.

Me forstår engasjementet for eit populært tiltak. Formannskapet vart orientert om argumenta for endringa det er lagt opp til, der det vart vektlagt at Sæbø skule framleis skal ha fellesmåltid som i dag, men med den skilnaden at elevane tek med seg maten.

I følgje skuleleiinga, legg matinnkjøpet og arbeidet med kantinedrift beslag på ressursar dei heller ynskjer å bruka på undervising.

Formannskapet drøfta saka med administrasjonen, og det vart understreka at ordninga med fellesmåltid må halda fram, og at administrasjonen vurderer om Sæbø skule kan vera ein pilot for skulemåltidsordningar.

Vedtaket om endra matordning ved skulen er administrativt fatta i tråd med delegasjonsreglementet i kommunen.

Med helsing
Formannskapet i Radøy

Jon Askeland
Ordfører

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Kopi til:

Olaf Michal Hella
Trine Merete Jansen

Mottakarar:

FAU Sæbø skule v/Solveig B. Elvik